INTERNATIONAL BACCALAUREATE
BACCALAURÉAT INTERNATIONAL
BACHILLERATO INTERNACIONAL



**NORWEGIAN A1 – HIGHER LEVEL – PAPER 1**
**NORVEGIEN A1 – NIVEAU SUPÉRIEUR – ÉPREUVE 1**
**NORUEGO A1 – NIVEL SUPERIOR – PRUEBA 1**

Monday 8 May 2000 (morning)
Lundi 8 mai 2000 (matin)
Lunes 8 de mayo del 2000 (mañana)

4 hours / 4 heures / 4 horas

---

INSTRUCTIONS TO CANDIDATES

- The Bokmål version is followed by the Nynorsk version.
- Do not open this examination paper until instructed to do so.
- Choose either the Bokmål version or the Nynorsk version.
- Section A: Write a commentary on one passage.
- Section B: Answer one essay question. Refer mainly to works studied in Part 3 (Groups of Works); references to other works are permissible but must not form the main body of your answer.

INSTRUCTIONS DESTINÉES AUX CANDIDATS

- La version en Bokmål est suivie de la version en Nynorsk.
- Ne pas ouvrir cette épreuve avant d’y être autorisé.
- Choisir ou la version en Bokmål ou la version en Nynorsk.
- Section A : Écrire un commentaire sur un passage.
- Section B : Traiter un sujet de composition. Se référer principalement aux œuvres étudiées dans la troisième partie (Groupes d’œuvres) ; les références à d’autres œuvres sont permises mais ne doivent pas constituer l’essentiel de la réponse.

INSTRUCCIONES PARA LOS ALUMNOS

- La versión en Bokmål es seguida por la versión en Nynorsk.
- No abra esta prueba hasta que se lo autoricen.
- Elija la versión en Bokmål o la versión en Nynorsk.
- Sección A: Escriba un comentario sobre uno de los fragmentos.
- Sección B: Elija un tema de redacción. Su respuesta debe centrarse principalmente en las obras estudiadas para la Parte 3 (Grupos de obras); se permiten referencias a otras obras siempre que no formen la parte principal de la respuesta.

# NORWEGIAN A1 – BOKMÅL VERSION

# NORVEGIEN A1 – VERSION EN BOKMÅL

# NORUEGO A1 – VERSIÓN EN BOKMÅL

## DEL A

*Skriv en kommentar til* ***en*** *av de følgende tekstene:*

**1.** (a)

Men desse to ungdommane går nok inn på kjøkenet, der dei ser ein firkant av lys frå ei neongul gatelykt ute ramma inn to par briller og eit kinasjakkbrett på kjøkenbordet.

– Sjå her mann! brølar Hans så stille han kan.

– Steike! svarar Gunnar.

Ein kunne tru det var eit knep frå mi side, fordi eg kanskje er ein dårleg skildrar av spenning og famlande nevar i skap og skuffer i eit sovande hus når eg fortel at jubelen deira skuldast ei tre kvart full whiskyflaske ståande som ein naiv vaktpost på ein bunke med hundrekronesetlar. Og det er det sikkert mykje rett i.

Men Hans opnar flaska og munnen, mens Gunnar tar til å telja.

– Sju hundre, åtte hundre, ni –, seier Gunnar.

– Tusen, seier mannen i døra.

– Hæ? seier Hans.

– Hæ? seier Gunnar.

Det fell ei flaske i golvet. I to og eit halvt sekund er det stille i rommet. Så snufsar mannen. Eit fort, sjølvsikkert snufs bak haglgeværet som peikar på magen til Hans.

– F-få vekk den… er du galen mann…, seier Hans.

– Det er ein lysbrytar bak deg. Slå på lyset er du grei, seier mannen.

Hans protesterer ikkje.

– Og du, seier mannen til Gunnar, fyller kaffikjelen med vatn og set på plata. Me må ha noko å vakna på.

– K-kaffikj… seier Gunnar.

– Sit ned! seier mannen. Men stille, så de ikkje vekkjer kona mi. De burde ha komme mens ho var vaken forresten. Ho likar å stella for gjester.

– D-du… h-har du tenkt å… politiet… kan du ikkje heller ringja politiet, foreslår Hans, som no antakeleg får servert ein sentimental film om barndommen sin frå eit dårleg opptak i hjernen. Det er nærbilde av barneskor og snø, og Gunnar med karamellar i neven, og Hans sjølv ståande i silhuett mot havet, sjånde inn i framtida si som kaptein på den svarte og kvite ferja der ute, til mora ropar han heim til middag, for framsyninga er over, og eit haglgevær peikar mot brystkassa, underlivet og ansiktet hans.

Samstundes blir det nok køyrt ein rørande B-film på hovudscenen til Gunnar, der han og gamlingen sit og spelar kinasjakk, mens dei planlegg sitt neste bankran, sidan Gunnar hoppande over eit utal skrankar og beint inn i rikdommen som han og denne gamle pensjonisten skal dela broderleg over nye slag med kinasjakk, men filmen ryk, ryk som faen der kaffikjelen kokar og freser bak han.

– De bude komma oftare, seier mannen. Me er arbeidslause, kona mi og eg òg. Der er ikkje berre de unge som er til overs. – Forresten så nyttar det ikkje å knusa glasruter. De ser ikkje noko klarare for det.

– Nei, svarar Gunnar.

– Kva har du tenkt å bruka det… det der geværet til? spør Hans.

– Kjem de og besøker oss i morgon, så skal eg gløyma dette, seier mannen.

Men de får drikka opp kaffien før de går.

– Besøk?

– Ja, me set pris på å få besøk. Me kunne spela kinasjakk. De kunne få velja fargar først. Dei grøne er best.

– Ja… det er greitt… det er i orden det… heilt fint… dei grøne ja… svarar Gunnar.

– Sjå her, seier Gunnar etterpå, då dei er ute. Eg gløymde å gje han tilbake pengane.

– Gløymde du å....?

– Vent litt, så spring eg inn att.

– Idiot. Klart me tar pengane. Det var jo derfor me kom.

– Ja, det var det jo.

– Jaggu var det det.

– Det tar me ei øl på!

Det tar to gutar ei øl på, ein kveld på Husnes eller i Hammerfest.

Fra: "To gutar om kvelden"
fra *Sirkushestar og kaniner* (Noveller) (1985)
av Rune Belsvik

**1.** (b)

Min Far

Det er som jeg blir mindre kropp,
mer jordfri, mer forklaret ånd,
der jeg med kjeppen i min hånd
på fjellets vidde klatrer opp,
meg selv mer lykkelig bevisst
enn i den dal, hvor jeg var sist.

Her drev jeg full av mot og tro
i guttetiden med min far.
Den samme luft så høy og klar,
den samme evighetens ro.
Men nu er han i dødens land,
jeg selv en eldet mann.

Vi møttes sjelden i et ømt-
beveget håndtrykk, han og jeg,
gikk, *måtte* følge hver vår vei.
Men akk, hvor jeg har ofte drømt
å tore hilse ham som venn.
Nu går han her igjen.

Jeg ser på ny hans milde blikk,
ser smilet om hans friske munn,
hvis ånde var så ung og sunn,
den lysning som hans ansikt fikk,
når det gikk godt med en av hans,
dets inderlige glans.

Men der var en i flokken, som
slett ikke *ville* ha det godt,
en, som til sorg han hadde fått
(Gud vite må, hvorfra han kom!)
en, som han sloss for i sin bønn:
Hans førstefødte sønn.

Jeg ser på ny det strenge drag
ved pannen, når vi skiftet ord
om rett og urett her på jord,
hans uutryddelige nag
hans sinnskval, når han rød og het
i pipespissen bet.

Nu går vi her igjen, vi to,
og snakker om den tid som fløy,
og luften er så klar og høy,
en fred, en evighetens ro,
hvori han rekker hånden frem
med hilsen fra vårt kjære hjem.

Jeg fatter, at når mandig-stilt
han lidelsenes byrde bar
til siste pust, det nettopp var
fordi hans kraft ei ble forspilt,
– akk, jeg har skjønt det altfor sent!
fordi hans liv var rent.

Og han har sett, jeg måtte gå
den vei, som ble meg lang og steil,
at jeg tross alle mine feil
var mindre stygg av sinn enn brå:
Vel møtt, min far, en sommerkveld
i ly av hvite fjell.

Du nikker med ditt gamle smil,
et smil jeg nesten hadde glemt,
og det er fullt av lys og skjemt,
og ofte tar vi oss en hvil
og gleder oss ved mange ting
i hvite fjelles ring.

Fra *Hjemkomst* (1917) av Nils Collett Vogt

## DEL B

*Skriv en stil om* ***en*** *av de følgende oppgavene. Du må bygge svaret ditt i denne delen på ikke mindre enn to av de fire verkene du har studert under Part 3. Du har lov til å henvise til andre verker, men slike henvisninger må ikke bli en sentral del av svaret ditt.*

### Fortellerteknikk

**2.** *Enten*

(a) Hva mener du forholdet er mellom filosofi/budskap/tema og selve handlingsforløpet i minst to av de bøkene du har lest?

*Eller*

(b) Gjør rede for hvordan forfatterne av to eller tre av de bøkene du har studert bruker fortellerteknikk til å fremme verkenes temaer og/eller budskap.

### Barn og ungdom

**3.** *Enten*

(a) Drøft i hvor stor grad hovedpersonene i to eller flere av de verkene du har studert kan sies å gjøre opprør mot familien og/eller samfunnet som omgir dem. Hva er grunnene til dette opprøret, hvor vellykket er det, og hva blir oppnådd ved det?

*Eller*

(b) Sammenlikn hvordan forfatterne av to eller tre bøker du har studert presenterer forholdet mellom barnet/det unge mennesket og den voksne verden.

### Litteraturen og fortiden

**4.** *Enten*

(a) "Historisk skjønnlitteratur må være noe annet enn – og mer enn – bare et korrekt bilde av en tidsperiode."
På bakgrunn av to eller flere av de bøkene du har studert, på hvilken måte mener du forfatterne har søkt å formidle dette til leseren?

*Eller*

(b) Beskriv og drøft i detalj betydningen av psykologisk skildring i minst to av de verkene du har studert.

**Et personlig synspunkt**

**5.** *Enten*

(a) Sammenlikn de rollene nære familiemedlemmer og/eller andre personer spiller for utviklingen til hovedpersonene i minst to av de verkene du har studert. Drøft hvordan hovedpersonenes reaksjon til disse ytre påvirkningene er skildret.

*Eller*

(b) "Når man skriver om sin egen barndom eller ungdom, er det for å forsøke å forstå hvorfor man ble den man ble."
Sammenlikn i hvor stor grad og på hvilken måte forfatterne av minst to av Part 3 bøkene du har lest har oppnådd nettopp dette.

**Den tyske okkupasjonen**

**6.** *Enten*

(a) Sammenlikn på hvilken måte forfatterne av minst to av de verkene du har lest viser hvordan den tyske okkupasjonen av Norge påvirker hovedpersonenes utvikling.

*Eller*

(b) På hvilken måte – og i hvor stor grad – kan romaner om den tyske okkupasjonen av Norge bli ansett som skjønnlitteratur og/eller historieskrivning?
Henvis til minst to av de verkene du har studert.

**Religion**

**7.** *Enten*

(a) "Litteraturens viktigste oppgave er å sette problemer under debatt."
Beskriv de religiøse problemene/spørsmålene som blir belyst i minst to av de verkene du har lest. Drøft hvordan forfatterne av hvert verk debatterer problemet og hvilken virkning denne debatten har for leseren.

*Eller*

(b) Drøft hvordan temaet **synd/tilgivelse** blir behandlet i minst to av de verkene du har studert.

---

NORWEGIAN A1 – NYNORSK VERSION

NORVEGIEN A1 – VERSION EN NYNORSK

NORUEGO A1 – VERSIÓN EN NYNORSK

## DEL A

*Skriv ein kommentar til* ***ein*** *av dei følgjande tekstane:*

**1.** (a)

Men desse to ungdommane går nok inn på kjøkenet, der dei ser ein firkant av lys frå ei neongul gatelykt ute ramma inn to par briller og eit kinasjakkbrett på kjøkenbordet.

– Sjå her mann! brølar Hans så stille han kan.

– Steike! svarar Gunnar.

Ein kunne tru det var eit knep frå mi side, fordi eg kanskje er ein dårleg skildrar av spenning og famlande nevar i skap og skuffer i eit sovande hus når eg fortel at jubelen deira skuldast ei tre kvart full whiskyflaske ståande som ein naiv vaktpost på ein bunke med hundrekronesetlar. Og det er det sikkert mykje rett i.

Men Hans opnar flaska og munnen, mens Gunnar tar til å telja.

– Sju hundre, åtte hundre, ni –, seier Gunnar.

– Tusen, seier mannen i døra.

– Hæ? seier Hans.

– Hæ? seier Gunnar.

Det fell ei flaske i golvet. I to og eit halvt sekund er det stille i rommet. Så snufsar mannen. Eit fort, sjølvsikkert snufs bak haglgeværet som peikar på magen til Hans.

– F-få vekk den… er du galen mann…, seier Hans.

– Det er ein lysbrytar bak deg. Slå på lyset er du grei, seier mannen.

Hans protesterer ikkje.

– Og du, seier mannen til Gunnar, fyller kaffikjelen med vatn og set på plata. Me må ha noko å vakna på.

– K-kaffikj… seier Gunnar.

– Sit ned! seier mannen. Men stille, så de ikkje vekkjer kona mi. De burde ha komme mens ho var vaken forresten. Ho likar å stella for gjester.

– D-du… h-har du tenkt å… politiet… kan du ikkje heller ringja politiet, foreslår Hans, som no antakeleg får servert ein sentimental film om barndommen sin frå eit dårleg opptak i hjernen. Det er nærbilde av barneskor og snø, og Gunnar med karamellar i neven, og Hans sjølv ståande i silhuett mot havet, sjånde inn i framtida si som kaptein på den svarte og kvite ferja der ute, til mora ropar han heim til middag, for framsyninga er over, og eit haglgevær peikar mot brystkassa, underlivet og ansiktet hans.

Samstundes blir det nok køyrt ein rørande B-film på hovudscenen til Gunnar, der han og gamlingen sit og spelar kinasjakk, mens dei planlegg sitt neste bankran, sidan Gunnar hoppande over eit utal skrankar og beint inn i rikdommen som han og denne gamle pensjonisten skal dela broderleg over nye slag med kinasjakk, men filmen ryk, ryk som faen der kaffikjelen kokar og freser bak han.

– De bude komma oftare, seier mannen. Me er arbeidslause, kona mi og eg òg. Der er ikkje berre de unge som er til overs. – Forresten så nyttar det ikkje å knusa glasruter. De ser ikkje noko klarare for det.

– Nei, svarar Gunnar.

– Kva har du tenkt å bruka det… det der geværet til? spør Hans.

– Kjem de og besøker oss i morgon, så skal eg gløyma dette, seier mannen.

Men de får drikka opp kaffien før de går.

– Besøk?

– Ja, me set pris på å få besøk. Me kunne spela kinasjakk. De kunne få velja fargar først. Dei grøne er best.

– Ja… det er greitt… det er i orden det… heilt fint… dei grøne ja… svarar Gunnar.

– Sjå her, seier Gunnar etterpå, då dei er ute. Eg gløymde å gje han tilbake pengane.

– Gløymde du å....?

– Vent litt, så spring eg inn att.

– Idiot. Klart me tar pengane. Det var jo derfor me kom.

– Ja, det var det jo.

– Jaggu var det det.

– Det tar me ei øl på!

Det tar to gutar ei øl på, ein kveld på Husnes eller i Hammerfest.

Frå: "To gutar om kvelden"
frå *Sirkushestar og kaniner* (Noveller) (1985)
av Rune Belsvik

**1.** (b)

Min Far

Det er som jeg blir mindre kropp,
mer jordfri, mer forklaret ånd,
der jeg med kjeppen i min hånd
på fjellets vidde klatrer opp,
meg selv mer lykkelig bevisst
enn i den dal, hvor jeg var sist.

Her drev jeg full av mot og tro
i guttetiden med min far.
Den samme luft så høy og klar,
den samme evighetens ro.
Men nu er han i dødens land,
jeg selv en eldet mann.

Vi møttes sjelden i et ømt-
beveget håndtrykk, han og jeg,
gikk, *måtte* følge hver vår vei.
Men akk, hvor jeg har ofte drømt
å tore hilse ham som venn.
Nu går han her igjen.

Jeg ser på ny hans milde blikk,
ser smilet om hans friske munn,
hvis ånde var så ung og sunn,
den lysning som hans ansikt fikk,
når det gikk godt med en av hans,
dets inderlige glans.

Men der var en i flokken, som
slett ikke *ville* ha det godt,
en, som til sorg han hadde fått
(Gud vite må, hvorfra han kom!)
en, som han sloss for i sin bønn:
Hans førstefødte sønn.

Jeg ser på ny det strenge drag
ved pannen, når vi skiftet ord
om rett og urett her på jord,
hans uutryddelige nag
hans sinnskval, når han rød og het
i pipespissen bet.

Nu går vi her igjen, vi to,
og snakker om den tid som fløy,
og luften er så klar og høy,
en fred, en evighetens ro,
hvori han rekker hånden frem
med hilsen fra vårt kjære hjem.

Jeg fatter, at når mandig-stilt
han lidelsenes byrde bar
til siste pust, det nettopp var
fordi hans kraft ei ble forspilt,
– akk, jeg har skjønt det altfor sent!
fordi hans liv var rent.

Og han har sett, jeg måtte gå
den vei, som ble meg lang og steil,
at jeg tross alle mine feil
var mindre stygg av sinn enn brå:
Vel møtt, min far, en sommerkveld
i ly av hvite fjell.

Du nikker med ditt gamle smil,
et smil jeg nesten hadde glemt,
og det er fullt av lys og skjemt,
og ofte tar vi oss en hvil
og gleder oss ved mange ting
i hvite fjelles ring.

Frå *Hjemkomst* (1917) av Nils Collett Vogt

## DEL B

*Skriv ein stil om* ***ei*** *av dei følgjande oppgåvene. Du må byggje svaret ditt i denne delen på ikkje mindre enn to av dei fire verka du har studert under Part 3. Du har lov til å vise til andre verk, men slike tilvisningar må ikkje bli ein sentral del av svaret ditt.*

### Forteljarteknikk

**2.** *Anten*

(a) Kva meiner du tilhøvet er mellom filosofi/bodskap/tema og sjølve handlingsgangen i minst to av dei bøkene du har lese?

*Eller*

(b) Grei ut om korleis forfattarane av to eller tre av dei bøkene du har studert nyttar forteljarteknikk til å fremme tema og/eller bodskapa i verka.

### Barn og ungdom

**3.** *Anten*

(a) Drøft i kor stor grad hovudpersonane i to eller fleire av dei verka du har studert kan seiast å gjere opprør mot familien og/eller samfunnet som omgjev dei. Kva er grunnane til dette opprøret, kor vellykka er det, og kva vert oppnådd ved det?

*Eller*

(b) Jamfør korleis forfattarane av to eller tre bøker du har studert presenterer tilhøvet mellom barnet/det unge mennesket og den vaksne verda.

### Litteraturen og fortida

**4.** *Anten*

(a) "Historisk skjønnlitteratur må vere noko anna enn – og meir enn – berre eit korrekt bilete av ein tidsperiode."
På bakgrunn av to eller fleire av dei bøkene du har studert, på kva slags vis meiner du at forfattarane har prøvd å formidle dette til lesaren?

*Eller*

(b) Beskriv og drøft i detalj verdet av psykologisk skildring i minst to av dei verka du har studert.

**Eit personleg synspunkt**

**5.** *Anten*

(a) Samanlikn dei rollene nære familiemedlem og/eller andre personar spelar for utviklinga til hovudpersonane i minst to av dei verka du har studert. Drøft skildringa av reaksjonen som hovudpersonane har til desse ytre påverknadene.

*Eller*

(b) "Når ein skriv om sin eigen barndom eller ungdom, er det for å freiste å forstå kvifor ein vart den ein vart."
Jamfør i kor stor grad og på kva slags vis forfattarane av minst to av Part 3 bøkene du har lese har oppnådd nettopp dette.

**Den tyske okkupasjonen**

**6.** *Anten*

(a) Jamfør på kva slags vis forfattarane av minst to av dei verka du har lese viser korleis den tyske okkupasjonen av Noreg påverkar utviklinga til hovudpersonane.

*Eller*

(b) Korleis – og i kor stor grad – kan romanar om den tyske okkupasjonen av Noreg verte sett på som skjønnlitteratur og/eller historieskriving?
Vis til minst to av dei verka du har studert.

**Religion**

**7.** *Anten*

(a) "Den viktigaste oppgåva til litteraturen er å setje problem under debatt."
Beskriv dei religiøse problema/spørsmåla som vert belyste i minst to av dei verka du har lese. Drøft korleis forfattarane av kvart verk debatterer problemet og kva slags verknad denne debatten har for lesaren.

*Eller*

(b) Drøft korleis temaet **synd/tilgjeving** vert behandla i minst to av dei verka du har studert.